

Kontrollkomiteen i Diabetesforbundet
v/Anita Kjerstad
Øvreberg
6783 Stryn

REFERAT

FRÅ

LEDERFORUM

15. – 17. APRIL PÅ CLARION HOTEL & CONGRESS OSLO AIRPORT VED GARDERMOEN

17 av 18 fylkeslag var representert på årets Lederforum. Det er no 18 fylkeslag fordi Aust-Agder og Vest-Agder har slått seg saman til eitt fylkeslag under namnet Diabetesforbundet Agder. Vestfold var fråverande. Kontrollkomiteen var også representert ved leder Anita Kjerstad.

Dette var første anledning for nye og gamle fylkesledarar til å bli kjent med dei nye medlemmane av sentralstyret etter Landsmøtet 2015.

Forbundsleder Nina Skille ønska velkommen med ein hyggeleg videosnutt. Deretter hadde Erlend Gjevre ein liten seanse med presentasjon av deltakarane. Nettredaktør Linn Frenningsmoen hadde ein fin gjennomgang og presenstrasjon av dei nye nettsidene til forbundet, og kom med mange og gode tips til søking på sidene. Det har vore problem med medlemssidene då mange har opplevd at medlemsregisteret er feil. Dette blir det jobba med å få orden på.

Det var også ei økt med gjennomgang av Diabetesforbundet si historie. Deltakarane vart oppdelt i grupper og kvar gruppe fekk sitt tiår og skulle presentere dei vesentlege milepælane dette tiåret. Her kom det fram mykje nyttig historie som alle tillitsvalte bør kjenne til.

Vi fekk også delta på «prinsesseskole» og innføring i rolla som leder. Denne seansen vart leda av forbundsleder Nina Skille, trenings- og organisasjonsrådgivar Kristin Øygard som snakka om kor viktig det er med motivasjon og samarbeid i styret. Nestleder Morten Sandmo orienterte om lederrolle og møtepraksis.

Laurdag ettermiddag fekk vi besøk av ein delegasjon frå Ungdiabetes som hadde møte på eit nærliggande hotell. Det er alltid hyggelig å få kontakt med ungdommen i forbundet.

Ei viktig sak som vart poengtert og gjennomgått gjaldt krav om politiattest for alle som kan kome til å ha kontakt med barn i sitt virke som tillitsvald i Diabetesforbundet. Dette gjelder for alle ledd i organisasjonen, både på fylkesplan og lokalplan.

Ei flott avslutning på laurdagen var møtet med Trond Geir Jenssen. Han ga oss eit interessant innblikk i sin karriere frå han byrja medisinstudiane og fram til der han er i dag. Han formidlar med humor og engasjement.

Søndag var satt av til gjennomgang av diverse kanalar for å söke om økonomiske midlar, mellom anna Extrastiftelsen og FUNKIS.

Heilt på tampen av dagen var det satt av tid til å stille spørsmål til sekretariatet og sentralstyret. Det var gitt anledning til å sende inn spørsmål på førehand. Det var ikkje så mange som hadde sendt inn på førehand, men det kom likevel ein del spørsmål frå salen. Mange gav uttrykk for at det gjerne kunne vore satt av meir tid til spørsmål/svar og diskusjonar.

Det vart også nemnd at kanskje kunne Lederforum utvidast til å gjelde fleire tillitsvalde. Lederforum er ein flott arena for motivasjon, inspirasjon, lærings og samhandling. Og her får tillitsvalde gode verktøy i sitt virke som leder.

Alt i alt – Eit flott gjennomført arrangement med eit innhaldsrikt og nyttig program.

Stryn, den 22. april 2016

Anita Kjerstad